



## Statens vegvesen

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Nina Søvik Mjømen

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/23176-2	Dykkar referanse:	Vår dato: 29.03.2016
------------------------------------	---	------------------------------	-------------------	-------------------------

### Førehandstilsegn – Utvida bruk av avkøyrsløse – Bruksendring – fv. 409 – gnr. 19 bnr. 5 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 10. februar 2015. Vi var på synfaring på staden 29. februar 2015.

I samband med bruksendring av gamle Risnes skule er det søkt om utvida bruk av avkøyrsløse til gnr. 19 bnr. 5 i Radøy kommune. Det er planlagt to bueiningar i andre og tredje etasje, ei bueining i kvar etasje. Det er også søkt om dispensasjon frå byggjegrænse, då fasaden får tilbygg på i form av terrassar inntil 36,9m frå vegmidte. Dette vert handsama som eigen sak. Kommunen opplyser at bygget i tillegg er i bruk til forsamlingslokale.

Avkøyrsløse slik ho ligg i dag oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming. Krava tek utgangspunkt i fartsgrense og trafikkmengde på hovudveg og tilkomstveg. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gi eit løyve i dag, men eit førehandstilsegn om at løyve kan påreknast etter at avkøyrsløse vert utbetra etter krav vi stiller.

Det er særleg sikta som må utbetrast. I dette tilfellet må sikta ordnast i begge retningar.

Vi setter i tillegg krav om at avkøyrsløse og tilkomstvegen vert stramma opp. Tilkomstvegen bør tilknyttast primærvegen med tilnærma rett vinkel (90° vinkel). På den måten vil kravet til svingradius også verte tilfredstilt. Vi har i dette tilfellet vurdert at ein svingradius på 6 meter vil vere tilstrekkeleg (sjå prinsippsskisse).

#### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for to bueiningar under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Veg/stad: fv. 409 – hp 50 – km 2,678 /gnr. 19 bnr. 5 i Radøy kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt bruksendring før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Når krav til frisikt er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og **Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg**, som ligg på lovdata.no.
4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløse.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter o.l. i siktsone kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må særleg sikta ordnast til venstre i avkøyringa (sjå prinsippskisse). Også sikt mot høgre må vere tilfredstillande med omsyn på vegetasjon i siktsone.
6. Svingradius skal vere 6 meter (diameter 12 meter). Svingradius skal markerast tydeleg t.d. med betongkant el.l. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.

Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar.

9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsone.

### Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer **16/23176** ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

**Vidare saksgang**

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter våre krav, ta kontakt med sakshandsamar. Vi vil då kome på synfaring / kontroll før vi gjev bruksløyve. Endeleg godkjent avkøyrsløyve vert sendt til søkjar, med kopi til kommunen.

**Rettil å klage:**

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør


Tone Bøyum  
overingeniør

Kopi  
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Vedlegg:  
Prinsippskisse avkøyrsel  
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

